

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
049/18	Levekårsutvalet	PS	16.10.2018
091/18	Formannskapet	PS	18.10.2018
075/18	Kommunestyret	PS	01.11.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Inger Marie Jordal	15/278

Ny Alversund skule - kostnader infrastruktur og handtering av kulturminner

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Kommunestyret vedtar å auke investeringsramma for ny Alversund skule og fleirbrukshall frå 290 millionar kroner til 312 millionar kroner slik det ligg føre i saka.
- Auke i investeringsramma blir innarbeidd i økonomiplanen 2019 – 2022.

.....

Levekårsutvalet - 049/18

LE - behandling:

Orientering til saka v/Line Merete Valle-einingsleiar Eigedom

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Uttale i Levekårsutvalet - 16.10.2018:

Ingen merknader.

Formannskapet - 091/18

FO - behandling:

Eigedomssjef Line Merete Valle orienterte.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

- Kommunestyret vedtar å auke investeringsramma for ny Alversund skule og fleirbrukshall frå 290 millionar kroner til 312 millionar kroner slik det ligg føre i saka.
 - Auke i investeringsramma blir innarbeidd i økonomiplanen 2019 – 2022.
-

Kommunestyret - 075/18**KO - behandling:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

- Kommunestyret vedtar å auke investeringsramma for ny Alversund skule og fleirbrukshall frå 290 millionar kroner til 312 millionar kroner slik det ligg føre i saka.
 - Auke i investeringsramma blir innarbeidd i økonomiplanen 2019 – 2022.
-

Saksopplysningar:**Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i levekårsutvalet.

Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Bakgrunn

Viser til sak 062/18 – Forprosjekt ny Alversund skule og fleirbrukshall, som var oppe til

handsaming i kommunestyret 13. september 2018. I den saka blei det lagt fram estimerte kostnadar for infrastruktur og arkeologisk utgraving av kulturminner på totalt kr 17 – 20 mill. Dette er kostnadar som ikkje er ein del av investeringsramma for Ny Alversund skule og fleirbrukshall.

Det er områdeplanen for Alversund som legg grunnlaget for kva behov prosjektet har for infrastruktur, det gjeld vegar, gang- og sykkelveg, grønne områder, vatn og avløp. Ettersom områdeplanen ikkje er vedtatt, er ikkje desse kostnadane med infrastruktur lagt inn i investeringsramma. Inkludert i totalkostnaden var det også lagt inn rundt 5 millionar kroner til handtering av kulturminner. I sak 62/18 blei det kommunisert at endeleg avklaring på kostnadsramme for infrastruktur og handtering av kulturminner vil bli avklart når områdeplanen er vedtatt.

Prosjektet har no tatt utgangspunkt i plangrunnlaget for områdeplan for Alversund, og har gjennomført ei berekning for alle kostnadar med infrastruktur. Det er planlagt at områdeplanen for Alversund skal til handsaming i kommunestyret i november 2018.

Vurdering

Med bakgrunn i områdeplan for Alversund, PlanID 1263-200902, kjem det ei kostnadsauke knytt til infrastruktur (veg og VA) og handtering av kulturminner for prosjektet ny Alversund skule og fleirbrukshall. Dette er kostnader for tiltak som ikkje var tatt med i konkurransegrunnlaget då konkurransen blei lyst ut i mai 2017. Prosjektet har gjennomført følgjande berekningar knytt til veg og VA.

Auka kostnader knytt til veg

Nokre vegtrasear er i områdeplanen justert sidan utkastet i mai 2017 då konkurransen vart lyst ut. Årsaka er tilpassingar til universell utforming og tilpassingar for busslomme og innkjøring – i tråd med innspel frå Statens Vegvesen og Skyss. Samla medfører desse endringane ei kostnadsauke på ca. 7,4 millionar kroner.

Auka kostnader knytt til VA

VA-rammeplanen er utarbeidd våren 2018. Det har vist seg eit auka omfang av omlegging og sanering av gamle leidningar. Det viser seg og at det er hensiktsmessig å legge ei ny vassleidning frå ny ringleidning ved skulen ned til Nedre Alver. (Den nye vassleidningen vert kostnadsfordelt mellom skuleprosjektet og VA-avdelinga). Skuleprosjektet sin del av kostnadane er på ca. 7,5 millionar kroner.

Kostnader knytt til kulturminner

Utgraving av arkeologiske område er estimert til ca. 1,7 mill. Det blir framleis jobba med å datere lemstova. Forhåpentlegvis kan denne flyttast, men det vil vi få svar på når dateringa er ferdigstilt. (Dersom det skulle vise seg at lemstova ikkje kan flyttast må områdeplanen reviderast.) Lemstova ser ikkje ut til å kunne løftast og flyttast i eitt, og må truleg meir eller mindre demonterast og monterast. Kostnadene for flytting er ikkje endeleg kartlagt, men estimert til ca. 5,4 millionar kroner. Rådmannen tilrår å setje av totalt 7,1 millionar kroner knytt til kostnader med kulturminner.

Samla medfører dette ei total kostnadsauke på 22 millionar kroner. Den totale

kostnadsramma i prosjektet aukar frå 290 millionar kroner til 312 millionar kroner. Tomtekjøp kjem utanom.

Konklusjon og tilråding

For å dekke kostnadar til infrastruktur og handtering av kulturminner, rår rådmannen til å auke investeringsramma for prosjektet ny Alversund skule og fleirbrukshall med 22 millionar kroner, slik at endeleg investeringsramme vert 312 millionar kroner.

.....